

Slik får du eit betre trådlaust nett heime!

Plassering "midt i smørauget"

Passer ruter sentralt i bustaden i forhold til der du brukar trådlaust nettverk.

Unngå hinder

Veggar og golv av betong, gips og varmeelement elskar å hindre signal.

Smart plassering

Ekstra aksesspunkt eller trådlaus forsterkar bør plasserast så høgt på veggen som moglig!

Pass på avstanden

Ikkje ha for lang avstand mellom ruter og der du skal nytte trådlaust nettverk.

Andre kan forstyrre signalet ditt

Forstyrringar frå naboar og elektronikk som babycall, mikrobølgeomn, bluetooth m.m. kan gi ustabilitet.


Byt ut gamlingen, eller bruk nettverkskabel

Gamle trådlause einingar trekkjer ned hastigheita til andre einingar i det trådlause nettet fordi nettet tilpassar seg den svakaste eininga. Du bør vurdere å byte ut trådlause einingar som er eldre enn 3 år. Eller du kan slå av trådlaust og nytte ein nettverkskabel på den gamle eininga i staden.



Fibermodem og ruter

Icotera i4882



Har du spørsmål?

Kundesenteret vårt hjelper deg gjerne.

Telefon: 70 04 63 00

Opningstider:


Måndag–fredag kl. 08.00–19.00

Laurdag kl. 12.00–15.00

Steg 1. Kopling av ruter



- A** Ein montør kjem for å kople opp fibermodemet ditt.
- B** Kople til internett med ein nettverkskabel (Cat 5.e eller betre) frå uttaket merkt **LAN** på fibermodemet til uttaket merkt **WAN** (raud port) på ruten.
- C** Kople til straumforsyninga på ruten og skru han på.
- D** Når øverste og nederste lampe lyser fast kan du gå vidare.



- E** Om du ikkje ønskjer trådlaust samband mellom PC og ruter kan du kople til ein nettverkskabel (Cat 5.e eller betre) mellom eit av dei 3 ledige uttaka merkt **LAN1, LAN2** og **2.5G LAN (gule portar)** på ruten og til PC-en din.

Nyttar du trådlaus nettverkstilkopling, gå til steg 2.

Nyttar du nettverkskabel, gå til steg 3.

Lyser ikkje både øverste og nederste lampen fast må du ta kontakt med Tussa kundesenter.

Steg 2. Kople til trådlaust nettverk

- A** Opne oversikta over trådlause nettverk på PC-en din for å kople deg til det trådlause nettverket ditt. Passordet til det trådlause nettverket finn du på lappen på baksida av ruten, i feltet "Password".
 - B** Skriv inn nettverkspassordet når du blir spurta om å oppgi nettverksnøkkelen under tilkopplinga til det trådlause nettverket.
- ALLE** einingar som skal nytte det trådlause nettverket ditt må nytte dette passordet.

Du kan no gå vidare til steg 3.

Steg 3. Aktivere tussafiber

- A** Opne nettlesaren din og gå til ei nettside t.d. www.vg.no. Aktiveringssida kjem då automatisk opp:
- B** Legg inn kundenummeret ditt hos Tussa.
- C** Tast inn Tussa PIN-kode. Denne har du fått tilsendt til mobilnummeret du har registrert hos oss.

Det kan ta opptil 10 minutt før internett er klart til bruk. Dette er fordi fibermodemet må ta ein omstart.

NB! Ikke slå av straumen før du har fått aktivert internett-tilkoplinga.

Dersom du manglar PIN-kode, trykk på "Få tilsendt påloggingsinformasjon" og følg instruks for å få informasjonen tilsendt. Gå deretter til aktiveringssida igjen og utfør aktiveringa som forklart over.

Du finn alle rettleiingane på tussa.no/rettleiingar